

Årsmelding

- for kyrkjelydane i Finnøy

2022

Meir himmel på jorda



Foto: Arne S. Mossige

Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Finnøy

Meir himmel på jorda

Årsmelding 2022

Kyrkja i Finnøy

Hesby sokn

Sjernarøy sokn

Talgje sokn

Innhaldsliste:

Generelt for Kyrkja i Finnøy.....	s. 3
Hesby sokn.....	s. 7
Sjernarøy sokn.....	s. 11
Talgje sokn.....	s. 15
Statistikk.....	s. 20
Ymse felles.....	s. 23

Meir himmel på jorda

Kyrkja i Finnøy

Visjon Den Norske Kyrkja: *Meir himmel på jorda*

Kyrkjelydane i Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn, er ein del av Stavanger kirkelige fellesråd, Tungenes prosti, Stavanger Bispedømme og deler Den Norske Kyrkja sin visjon:

"Vi er sendt av den treeinige Gud for å dela evangeliet om Jesus Kristus i ord og handling" "I Kristus, nær livet" – ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekirkje. Vedkjennande ved å dele og gi vidare trua på den treeinige Gud. Misjonerande ved å vitne om Jesus Kristus lokalt og globalt saman med den verdsvide kyrkja. Tenande ved å vise omsorg gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, kamp for rettferd og vern av skaparverket. Open ved å utvikle fellesskap som verdset mangfald og respekterer ulikskapar.

I tillegg har kvart av sokna i Finnøy eigen visjon:

Hesby – *Meir himmel på jorda*


Sjernarøy - *Velkommen til kyrkja*

Talgje - *Meir himmel på jorda – ei kyrkje som bryr seg, inspirerer og inviterer til tru og teneste.*

Meir himmel på jorda

Kyrkja i Finnøy

I Finnøy har me tre sokn og totalt seks gudsteneste-stader (kyrkjelydar). Hesby sokn er Finnøy, Sjernarøy sokn er Ombo og Sjernarøyane og Talgje sokn er Bokn, Byre, Fogn, Halsnøy, Måløy og Talgje.



Finnøy kommunedel hadde ved årsskiftet 3333 innbyggjarar, dette er ein auke frå i fjar. Medlemstala i Den norske kyrkja er 2364 personar, 501 av desse er under 18 år, og høyrar inn under trusopplæringsår.

Meir himmel på jorda

Kyrkja i Finnøy sine tilsette 2022

Terje Engstrøm – Sokneprest Hesby sokn 100%

Ola Aasland Vold – Sokneprest i Sjernarøy og Talgje sokn 100%

Heidi Bø Sangedal – Dagleg leiar 75% og 25% gravplassforvaltning

Brenda Talgø Kolstadløkken – Utadretta medarbeidar 50% (10% permisjon=40%)

Reidun Aabrek Bråtveit – Trusopplærar 50%

Bjørn Terje Bertelsen – kantor i Hesby kyrkjelyd 40% og Fogn kyrkjelyd 10%

Silje Aandstad – Kantor 10% Talgje kyrkjelyd

Arne Martin Aanstad– Kantor 30 % Halsnøy, Jørstad og Sjernarøy kyrkjelydar

Sissel Bleie - Kyrkjetenar 20% i Hesby og reinhaldar 20% Hesby og Talgje kyrkjelyd

Tor Bjarne Flesjå – Klokkar 23% Hesby kyrkjelyd

Ragnhild Aandstad – Kyrkjetenar i 7 % Talgje kyrkjelyd

John Sigmund Bjerga – kyrkjetenar 5,23% og klokkar 5,23% Halsnøy kyrkjelyd

Irene Eide – reinhaldar på timar i Jørstad kyrkjelyd

Anne Skogen – kyrkjetenar 10,06% Sjernarøy kyrkjelyd

Kari Hidle – klokkar 10% Sjernarøy kyrkjelyd

Morten Nedrebø – reinhaldar 7% Sjernarøy kyrkjelyd


Eilef Gard – klokkar 3,5% Talgje kyrkjelyd

Ann-Merethe Meling - klokkar 3,5% Talgje kyrkjelyd

Dag Olav Sæbøvåg – kyrkjetenar 9,03% Fogn kyrkjelyd

Vivian Bøe Djønne- reinhaldar 6% Fogn kyrkjelyd

Vakant stilling i Jørstad kyrkjelyd som kyrkjetenar. Erlend Nes er fast vikar i denne stillingen. (Vakant stilling10 % klokkar Fogn.)



Meir himmel på jorda

Sokna sitt arbeid 2022

Året har vore prega av høg aktivitet etter at alle coronarestriksjonane opphøyte tidleg på året. I juni blei det varsla om bispevisitas og hausten planla me denne og la til rette for eit variert program innom alle sokna våre under visitasen som var i starten av november.

Like før sommaren fekk me også innvilga ein diakonstilling til våre sokn. Stavanger krk fellesråd gjorde i sitt møte i juni vedtak om 100 % diakonstilling til Finnøy, noko me er svært takksame for.

Me har felles heimeside for alle sokna finnoykyrkja.no og felles facebookside Kyrkja i Finnøy.

Våre sokn har dette året vore mykje brukt til dåp og vigsel. Når det gjeld dåp har me totalt hatt 33 dåp, og 14 av desse er busette i våre sokn. Dette viser at mange kjem heim og døyper barna sine. I fjar var det totalt 14 vigsler og 28 gravferder.

Våre sokn støtter U-kirken i Nygata økonomisk og støttar opp om arbeidet deira. Sjå heimesida ukirke.no



Meir himmel på jorda

Hesby sokn



Meir himmel på jorda

Meir himmel på jorda

Hesby sokn

Hesby kyrkjelyd sin visjon er «Meir himmel på jorda».

Hesby kyrkjelyd har eit godt og breitt samarbeid med kristne lag og organisasjonar på Finnøy.

Soknerådet har hatt 5 møter. Leiar er Dorrit Vignes og nestleiar er Lars Rørtveit. Odd Bleie er soknerådet sin representant i Stavanger krk fellesråd.

Hesby sokn har eit misjonsprosjekt som er knytta til blant anna Kjellfrid Eggebø frå Finnøy sitt arbeid for ILTC i Tanzania og Iraqw-folket og omsetting av Bibelen til deira språk.

Soknerådet er svært glade for at Stavanger krk felleråd har prioritert arbeidet med restaurering av Hesby kyrkje, og at dette er så godt i gong. Det er gledeleg med ekstra statlege og kommunale midler til ei total renovering av kyrkja både innvendig og utvendig. Restaureringsperioden er planlagt å vere ferdig til 2026. I 2022 var kyrkja stengt for bruk dei første 3 månadane, dette pga vedlikehaldsarbeid inne i koret. I denne perioden blei Betel brukt til gudstenester og kyrkjelege handlingar. Erfaringa med å bruke Betel var god og kan gjentas ved neste stenging som er planlagt ca frå september 2024 og eit år fram i tid. Ein ser og behovet for ei oppgradering rundt kyrkja og på gravplassen. Ein vurderer også behov for evt fleire parkeringsplassar.

Det er gudstenester i kyrkja annankvar sundag og det er godt oppmøte.

Soknerådet har hatt ansvar for bønnesamlingar i kyrkja første onsdagen i månaden. Det har og vore 3 kveldsgudstenester i lag med Fåtunet. Den eine av desse var i lag med biskop Anne Lise Aadnøy under visitasveka.



Meir himmel på jorda

Me hadde konsert med Gilberdal i tomatfestivalhelga. I tillegg har Ryfylke Livsgnist sett opp ei ekstraforestilling av Haugespor i april. Soknerådet hadde to Me syng jula inn-arrangement 17. desember. I tillegg har kyrkja vore nytta til konsertar av typen vise- og sangkveld v/Aslak Bråtveit med vener, Frimennkonsert og Økland sin julekonsert. Me har i tillegg hatt godt samarbeid med Ryfylke Livsgnist og deira guida turar innom kyrkja. I adventstida hadde dei også ei open forestilling med Jul med Gustava. I veka før påske var det pasjonsspel for alle skuleelevarne i kommunedelen, dette var det ein eigen komite som stod for i samarbeid med 6. klasse på Sentralskulen. På Finnøy har det vore eit Alphakurs som mange har delteke på og soknet har vore medarrangør.

Me har hatt open kyrkje nokre helger i sommar, med til dels godt oppmøte, elles hadde me og open kyrkje eit par timer i samband med Allehelgensdag. Det er ønske om at det blir jobba meir for å ha kyrkja open oftare på sommaren. I samband med krigen i Ukraina har me i kyrkja hatt ei ekstra kveldsgudsteneste med forbøn.

Babysang for heile kommunen held til på biblioteket. Open Hall for ungdom som er i fleir brukshallen er eit samarbeid mellom sokneråda. Her er det ei eiga ressursgruppe som tek ansvar for kveldane i lag med foreldre på ungdomsskuletrinnet.

Kyrkja har eit nært og godt samarbeid med sundagsskulen knytta opp til familiegudstenester. Påskevandringa på Nordre Vignes er eit veldig godt tiltak som samlar mange både lokale og tilreisande.

Besøkstenesten i soknet har helde fram og alle som har runde og halvrunde tal frå og med 80 år og oppover får tilbod om besøk.

**OPEN
KYRKJE**



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Finnøy

Meir himmel på jorda

Trusopplærar har hatt samling for dei yngste i samband med utdeling av 4- og 5-års bok, samt ei samling for dei som er 2 år i forkant av Hausttakkefesten.

I tillegg hadde trusopplærar 1. pinsedag
stort fødsel dagsselskap for barn i kyrkja.
Det kom 25 barn i alderen 0 – 13 år.



Me gler oss over det gode arbeidet til Finnøy og Talgje KM speiderar. I frivillighetens år har me valgt å fokusere på leierane for alt barne – og ungdomsarbeidet på Finnøy og alle har fått ei rose og gode ord knytta til det arbeidet dei står i.



Me hadde to skulegudstenester knytta til julehøgtida, i tillegg til julevandring med Utsyn barnehage. Prestane har vore på skulebesøk i samband med Bibeldagen og hausttakkefesten. Trusopplærar har vore i barnehagane i samband med påske.

Samt at ho har hatt ei samling i kyrkja i lag med ein av barnehagane knytta til påske. Sokneprest Terje Engstrøm legg jevnt ut preiker knytta til gudstenestene på Hesby Media og han har også laga Hesby kyrkje si facebookside.

Meir himmel på jorda

Sjernarøy sokn



Velkommen til kyrkja

Meir himmel på jorda

Sjernarøy sokn

Sjernarøy sokn består av Sjernarøyane og Ombo. Visjonen er "Velkommen til kyrkja". Det finst to kyrkjer; Sjernarøy kyrkje på Kyrkjøy, og Jørstad kyrkje på Ombo.

Soknerådet har hatt 5 møter. Leiar er Kari Hidle og nestleiar Terje Hidle. Soknerådet sin representant i Stavanger krk fellesråd er Terje Hidle.

Sjernarøy sokn har eit misjonsprosjekt som er knytta til NMS sitt arbeid på Madagaskar.

I haust arrangerte staben og soknet ein inspirasjonskveld med fokus på frivillighet, dette var på Ombo grendahus og me hadde variert program med god mat som helselaget hadde laga, andakt v/Terje Engstrøm og kåseri ved Arne Nordbø.

Jørstad kyrkjelyd

Jørstad er ein liten, men trufast kyrkjelyd med gudsteneste ca 1/mnd. Det er gledeleg at folk sluttar opp om gudstenester, dugnader og barneglede. Dette viser at folk er glad i kyrkja si og arbeidet der. Det er arbeid på gang med å erstatte dei gamle røyromnane i kyrkja med nye omnar. Det er og nevnt at ein bør oppgradere kjøkken og behov for eit toalett. Barneglede er eit kor for dei yngste barna og øver i kyrkja ca .annankvar veke og er ca 10 barn. Det er og anna kristent arbeid gjennom Awana.

Me har arrangert formiddagstreff 2 gonger i semesteret på Ombo grendahus i lag med Helselaget, dette er eit veldig kjekt tiltak og har fast oppslutnad. Brenda og prestane har vore med der i tillegg var biskopen og hennar følgje der under bispevisitasen. Jørstad kyrkje har eiga Facebookside der gudstenester og evt andre arrangement blir delt.

Me hadde skulegudsteneste til jul og trusopplærar har hatt samlingar for barn i samband med hausttakkefesten. Ho besøker også Barneglede ved høve. Prestane har vore på skulebesøk i samband med Bibeldag og hausttakkefest.

Meir himmel på jorda

Sjernarøy kyrkjelyd

Det er gudstenester ca 1/mnd. med stabilt besøk, det er gledeleg å sjå at dei som har hytte på øyane kjem til gudstenste. Det er også større oppmøte når barn og konfirmantar er spesielt invitert. Me hadde visitasgudstenesten i kyrkja 13. nov. med deltaking frå styremedlem i Ung kirkesang og konfirmantane.

Kyrkja har fått nytt varmeanlegg og det er gjort eit godt stykke arbeid med å skifte ut kledning utvendig. Dette er kosta av midler frå Stavanger krk fellesråd med støtte frå Riksantikvaren til nytt varmeanlegg.

Koret som var så godt i gong i fjar har hatt ein pause i år. Til Me syng jula inn var det lokale artistar ved Nils Trygve Hauge som hadde regien. Tusen takk skal de ha! Det var ein konsert i kyrkja i slutten av august v/Hanne Vasshus og ungdomskoret Kor e du. Det har blitt arrangert fem føremiddagstreff på Helgøysund Bedehus med 7 – 15 deltakerar. Vi gler oss over at vi har eit barnelag i Sjernarøyane og har deltakarar frå 0-15 år, dei yngste i lag med voksne. Trusopplærar har hatt samling med dei yngste i samband med Hausttakkefesten. Roturen blei i år gjennomført 11.- 12. juni. Ungdommane som var med rodde frå Talgje i sør via Finnøy og til Eik, der me avslutta med ein gudsteneste i Sjernarøy kyrkje. Dette tiltaket er støtta av Færingssongerane v/Terjer Hidle. Det er engasjement for å starte med besøksteneste til eldre i Sjernarøy og det jobbes vidare med dette.



Meir himmel på jorda



Det har vore dugnad på gravplassen kor det blei grusa opp inngangspartiet, samt fylt på jord, mange kom på denne dugnaden.

I mai vert det sett opp ei støtte ved Sjernarøy kyrkje. Dette er til minne om krigsseilerane som omkom i 2. verdskrig. Det kom 43 personar på avdukinga søndag 8. mai.

Me har hatt felles barnehage – og skulegudsteneste før jul. Prestane har vore på skulebesøk i samband med Bibeldag og hausttakkefest.

Me hadde open kyrkje ein laurdag i sommar og på Allehelgensdag, nokre kom innom, men bør jobbe meir med marknadsføring om det skal gjentas. Organisasjonen Sarepta hadde ei møtehelg i kyrkja i pinsehelga.



Meir himmel på jorda

Talgje sokn



Meir himmel på jorda

-ei kyrkje som bryr seg, inspirerar og
inviterar til tru og teneste

Meir himmel på jorda

Talgje Sokn

Består av **Talgje kyrkjelyd** på øya Talgje, **Fogn kyrkjelyd** på øya Fogn med Bokn, Byre og Måløy, og **Halsnøy kyrkjelyd** på øya Halsnøy. Visjonen er *Meir himmel på jord – ei kyrkje som bryr seg, inspirerer og inviterer til tru og teneste*. Kvar øy har sin kultur og ein må difor arbeide på ulike måtar, for å få kyrkja sin visjon utført på kvar øy. Utanom arbeidet og trusopplæringa som drivast av kyrkja, drives det mykje arbeid blant både vaksne, barn og unge på alle øyane i regi av bedehuset og frivillige. Kyrkja ønsker godt samarbeid med lokale frivillige og organisatoriske krefter.

Soknerådet har hatt 5 møter. Leif Kolnes har vore leiar og Eilef Gard nestleiar. Eilef Gard er soknerådet sin representant i Stavanger krk fellesråd. Talgje sokneråd har eit misjonsprosjekt som er knytta til Misjonsalliansen sitt arbeid i Ecuador.

Talgje sokn arrangerte i år ein Inspirasjonskveld med god mat, foredrag ved Tor Magne Nesvik, samt flott konsert ved Rust & Moll på øyane Fogn, Halsnøy og Talgje.



Rust & Moll

Meir himmel på jorda

Fogn kyrkjelyd

Det har vore 16 gudstenester, inkludert samtalegudsteneste og 2 konfirmasjonsgudstenester. Det er trufast og stabilt oppmøte. Fogn kyrkje har ein ansvarskomite, som blant anna har ansvaret for å fordele praktisk arbeid i kyrkja, inkl. kyrkjekaffien. Målet er og å arrangere møter og konsertar. Det er barnekor og eit tilbod til dei yngste barna Hobby og tru.

Fogn kyrkje har også i år vore plassen for trusopplæringstiltaket Lys Vaken for 6. klasse.

For vaksne er det torsdagscafe med vafler og kaffi. I lag med lokale initiativtakare arrangerte me også i år friluftsgudsteneste på Byre. Det var julevandring med barnehagen og skulegudsteneste for skulen før jul. Prestane har vore på skulebesøk i samband med Bibeldagen og hausttakkefesten. Trusopplærar har hatt samling med dei yngste barna i samband med hausttakkefesten.

På Fogn var det open kyrkje med bønn for Ukraina fire mandagar før påske. I tillegg var det open kyrkje på Allehelgensdag.



Bilete frå
friluftsgudstenesta
på Byre.

Meir himmel på jorda

Halsnøy kyrkjelyd

Gudstenestene har gjennom året vore stabilt besøkte. Det er kyrkjekaffi etter gudstenesten og prest og organist har vore med, før dei har reist vidare til Jørstad kyrkje. Halsnøy har vore og er framleis vertskap for trusopplæringsprosjektet "Pinse for alle", som rettar seg mot 4. klassingar i heile Finnøy kommunedel. Ei gruppe lokale har vore aktivt med. Trusopplærar har hatt samling med dei yngste barna knytta til Hausttakkefesten. Kyrkja har eit godt samarbeid med bedehuset og organisasjonane på Halsnøy, blant anna gjennom annonsering av gudstenester og andre ting på fb Halsnøy bedehus.

I haust blei det starta opp med formiddagstreff x 2 på Halsnøy bedehus. Det har vore godt oppmøte, og tilbodet vert satt pris på. Me hadde i år ein inspirasjonskveld med fokus på frivillighet og informasjon om misjonsprosjektet. Inger Lise Hovda Dobbe fortalte frå Ecuador. Her kom det ca 35 og me som var der blei inspirererte til å engasjere oss i Misjonsprosjektet og fekk ein flott konsert ved Rust & Moll.



Bileter frå Pinsevandringa.

Meir himmel på jorda

Talgje kyrkjelyd

Det er ein ansvarskomite for kyrkja på Talgje, der soknerådsmedlemmene og ansatte er med saman med nokre til frå kyrkjelyden. Komiteen tek ansvar for kveldsbønn i kyrkja x 1 pr mnd, kyrkjekaffi ved nokre anledningar, og arrangerer kvart også andre oppbyggelege møter og temakveldar.

Kyrkja har fått nye stolar og varmeovnane er skifta ut. I tillegg har me hatt noko vedlikehaldsarbeid knytta til kalking. Det er Fellesrådet som har kosta dette med støtte frå Riksantikvaren til nytt varmeanlegg. Dei gamle stolane i kyrkja kan folk kjøpe av soknet om dei ønsker. Pengar for stolane går til lokalt arbeid.

I år hadde me inspirasjonskveld v/Tor Magne Nesvik og Rust & Moll, dette var på bedehuset. Elles har me hatt eit temamøte om Misjonsprosjektet, kor Inger Lise Hovda Dobbe informerte og inspirerte til giverglede. Ansvarskomiteen arrangerte ein gudsteneste 1. søndag i advent. Det har og nokre kveldar vore open kyrkje med bøn for Ukraina. Øya har husgrupper tilknytt kyrkja. Finnøy og Talgje KM speiderar har hatt ei gudsteneste i kyrkja.

Det var påske- og juletilstelling i kyrkja med barnehagen på Talgje. Trusopplærar hadde samling med dei yngste barna knytta til Hausakkfesten. Roturen for 7. klasse starta med ei samling i kyrkja på Talgje. Det er ein jamn oppslutning på gudstenestene. Det har vore barn og andre med som medliturgar i gudstenestene. Det er og verdt å merke seg at når det er gudsteneste på Talgje kjem det som oftast folk frå Finnøy. Det vart arrangert ein konsert i regi av Rennesøy musikkorps i adventstida. I tillegg var det gitarkonsert x 2 ved Kristina Vårlid og gitarelevar i sommar og Stavanger domkor hadde ein konsert i juni. Talgje kyrkje er open og har jevnt besøk utanom gudstenester og faste arrangement.

Meir himmel på jorda

Statistikk 2022

Hesby sokn:

Dåp: **20 i 2022** (16 i 2021, 14 i 2020, 13 i 2019, 21 i 2018, 18 i 2017, 26 i 2016, 21 i 2015, 22 i 2014)

Konfirmerte: **19 i 2022** (10 i 2021, 15 i 2020, 19 i 2019, 25 i 2018, 24 i 2017, 26 i 2016, 28 i 2015, 24 i 2014)

Vigslar: **6 i 2022** (5 i 2021, 3 i 2020, 6 i 2019, 2 i 2018, 5 i 2017, 10 i 2016, 2 i 2015, 9 i 2014)

Gravferder: **19 i 2022** (12 i 2021, 8 i 2020, 15 i 2019, 13 i 2018, 13 i 2017, 13 i 2016, 9 i 2015, 8 i 2014)

Totalt antall gudstenester: **40 i 2022** (38 i 2021, 48 i 2020, 52 i 2019, 45 i 2018, 47 i 2017, 49 i 2016, 54 i 2015, 54 i 2014)

Snitt antall på Gudstenestene: **85,7 i 2022** (55,9 i 2021, 43,5 i 2020, 71,8 i 2019, 92,2 i 2018, 98 i 2017, 88,7 i 2016, 91 i 2015, 97 i 2014)

Sundagsgudstenester: **28 i 2022 med snitt 100** (34 i 2021 med snitt 60,7, 27 i 2020 med snitt 61,6 ,104,3 i 2019, 124,6 i 2018, 124,6 i snitt i 2017, 115 i snitt i 2016, 110 i snitt i 2015)

Antall nattverdsgudstenester: **11 i 2022** (9 i 2021, 13 i 2020, 17 i 2019, 17 i 2018, 24 i 2017, 20 i 2016, 22 i 2015, 18 i 2014)

Totalt tal på nattverdsgjestar: **950 i 2022 86 i snitt** (469 i 2021, 52 i snitt, 702 i 2020, 54 i snitt, 1234, 72,5 i snitt i 2019, 1258, 74 i snitt i 2018, 2164, 90,2 i snitt i 2017, 1570, 78,5 i snitt i 2016, 1721, 78 i snitt, 1386 snitt på 77 i 2014)

Utmeldingar: **2 i 2022,** (6 i 2021, 6 i 2020, 4 i 2019, 7 i 2018, 9 i 2017, 15 i 2016, 1 i 2015, 0 i 2014)

Innmeldingar: **1 i 2022** (0 i 2021, 2 i 2020, 2 i 2019 (1 i 2018, 2 i 2017)

Meir himmel på jorda

Sjernarøy sokn:

Dåp: **4 i 2022** (4 i 2021, 6 i 2020, 6 i 2019, 5 i 2018, 5 i 2017, 10 i 2016, 8 i 2015, 12 i 2014)

Konfirmerte: **4 i 2022** (3 i 2021, 2 i 2020, 6 i 2019, 4 i 2018, 9 i 2017, 6 i 2016, 5 i 2015 0 i 2014)

Vigslar: **2 i 2022** (4 i 2021, 2 i 2020, 2 i 2019, 6 i 2018, 2 i 2017, 5 i 2016, 1 i 2015, 0 i 2014)

Gravferder: **5 i 2022** (7 i 2021, 7 i 2020, 4 i 2019, 8 i 2018, 4 i 2017, 13 i 2016, 7 i 2015, 9 i 2014)

Totalt antall gudstenester: **27 i 2022** (20 i 2021 ,24 i 2020, 29 i 2019, 28 i 2018, 27 i 2017, 30 i 2016, 33 i 2015, 30 i 2014)

Snitt antall på Gudstenestene: **33,4 i 2022** (31 i 2021, 29,6 i 2020, 41,9 i 2019, 39,6 i 2018, 50,5 i 2017, 53,9 i 2016, 52,3 i 2015, 46,3 i 2014)

Snitt antall på Sundagsgudstenester i soknet: **33,8 i 2022** (31,5 i 2021, 30,35 i 2020, 41 i 2019, 38,6 i 2018, 49,8 i 2017, 54,2 i 2016, 46 i 2015)

Antall nattverdsgudstenester: **13 i 2022** (6 i 2021, 6 i 2020, 14 i 2019, 12 i 2018, 10 i 2017, 8 i 2016, 6 i 2015, 10 i 2014)

Totalt tal på nattverdsgjester: **228 i 2022, snitt 17,5** (92 i 2021, snitt 15,83, snitt 13,8, 247, snitt 17,6 i 2019, 145, snitt 12,1 i 2018, 224, snitt 22,4 i 2017, 157, snitt 19,6 i 2016, 100 snitt 16,6 i 2015, 144, 14,4 i snitt 2014)

Utmeldingar: **1 i 2022** (1 i 2021, 0 i 2020, 0 i 2019, 1 i 2018, 2 i 2017, 4 i 2016, 0 i 2015, 1 i 2014)

Innmeldingar: **0 i 2022** (0 i 2021, 0 i 2020, 1 i 2019)

Meir himmel på jorda

Talgje sokn:

Dåp: **9 i 2022** (7 i 2021, 5 i 2020, 4 i 2019, 6 i 2018, 8 i 2017, 12 i 2016, 12 i 2015, 8 i 2014)

Konfirmerte: **16 i 2022** (11 i 2021, 8 i 2020, 8 i 2019, 7 i 2018, 10 i 2017, 9 i 2016, 7 i 2015, 6 i 2014)

Vigslar: **6 i 2022** (4 i 2021, 0 i 2020, 0 i 2019, 2 i 2018, 1 i 2017, 2 i 2016, 3 i 2015, 5 i 2014)

Gravferder: **4 i 2022** (4 i 2021, 7 i 2020, 3 i 2019, 4 i 2018, 5 i 2017, 5 i 2016, 3 i 2015, 5 i 2014)

Totalt antall Gudstenester: **55 i 2022** (42 i 2021, 52 i 2020, 66 i 2019, 62 i 2018, 61 i 2017, 59 i 2016, 65 i 2015, 51 i 2014)

Snittantall på Gudstenestene: **55,3 i 2022** (45,1 i 2021, 42,4 i 2020, 43,9 i 2019, 50 i 2018, 56,8 i 2017, 60,7 i 2016, 48 i 2015, 57,3 i 2014)

Totalt antall Sundag/helgedag GT: **44 i 2022 med snitt på 62,75** (40 i 2021 med snitt på 46,3, 37 i 2020, 43 med snitt på 51,2 i 2019, 43 med snitt på 58 i 2018, 43 med snitt på 67,2 i 2017, 41 med snitt på 71,5 i 2016, 41stk med snitt på 55 i 2015)

Antall nattverdsgudstenester: **18 i 2022** (8 i 2021, 14 i 2020, 27 i 2019, 30 i 2018, 30 i 2017, 19 i 2016, 25 i 2015, 24 i 2014)


Totalt tal på nattverdsgjestar: **654 med snitt 36,3 i 2022** (247, snitt 30,8 i 2021, 457, snitt 32,6 962, snitt 35,6 i 2019, 1005, snitt 33,5 i 2018, 1248, snitt 41,6 i 2017, 977, snitt 51,4 i 2016, 842 33,7 i snitt i 2015, 949 ,39,4 i snitt i 2014)

Utmeldingar: **0 i 2022** (4 i 2021, 2 i 2020, 6 i 2019 (0 i 2018, 16 i 2017, 29 i 2016, 0 i 2015, 1 i 2014)

Innmeldingar: **1 i 2022** (0 i 2021, 0 i 2020, 1 i 2019, 1 i 2018)

Meir himmel på jorda

Trusopplæringstiltak – sjå eigen trusopplæringsrapport



STØRST AV ALT

0-1 år Dåpssamtalar, dåp og babysong

1-3 år Samling i kyrkja for å lære kveldsbøner, med utdeling av materiell, og invitasjon til Gudsteneste. I Hesby sokn er det samling for 2 åringane.

4 år: 4 års bok – Samling i kyrkja i forkant av ei gudsteneste der dei får utdelt ein barnebibel.

5 år: Utdeling av aktivitetsbok på ei samling i kyrkja i forkant av ei gudsteneste. I lag med 4 åringane. I Talgje og Sjernarøy sokn har me ei felles samling for 1 – 5 år.

6 år: 1. klasse på Finnøy blir invitert til haustattakkefest og får ei Bibelbok. Dei får også skulebesøk. På dei andre øyane blir 6- 9 år (1-4 kl) invitert ilag og får ulike bøker / CD kvart år i haustattakkfesten i kyrkja. Dei får også felles skulebesøk.

7 år: Invitasjon til Påskevandring på Finnøy, samt utdeling av påskebok eller påske CD. Dette er eit samarbeid med Sundagsskulen på Finnøy.

8 år: Tårnagenthelg. Borna får lære om kyrkja, misjon og Bibelen på ein spanande måte.

9 år: Pinsevandring på Halsnøy, Samling som varar i 3 timer der dei får lære pinsehistoria i ord og handling. Avslutta med grillfest.

10 år: Utdeling av Godt nytt. Skulebesøk og innbydelse til Bibeldagen i kyrkja.

11 år: Lys vaken. Eit døgn der me vert lys vakne for den verdensvide kyrkja og dei rundt oss. Førebuing til og aktiv deltagelse i gudsteneste. Arrangert i Fogn kyrkje.

12 år: Rotur frå Talgje til Sjernarøy med overnatting på Emmaus. Roturen har som tema å lære om liturgien i kyrkja.

13 år – 18 år: Open Hall. 12 – 16 fredagskveldar i løpet av året med fokus på samvær, ballaktivitet og andakt. Nært samarbeid .

14 -15 år Konfirmasjon. Meir om Konfirmasjon neste side.

15 år Ungdomsalpha. 10 kveldar pluss ein weekend med fokus på dei sentrale tema i den kristne trua. Alle leierar er frivillige frå Finnøy.

I tillegg til dette har kyrkja samarbeid med skular og barnehagar knytt til jul og påske.

Meir himmel på jorda

Konfirmasjon

Prestane Terje Engstrøm og Ola Aasland Vold har hatt hovudansvar for konfirmantopplegget i samarbeid med andre i staben og frivillige. Dette året måtte dessverre weekenden til Furutangen utgå pga smittevern. Den årlege fasteaksjonen blei i år gjennomført frå dør til dør noko som gav eit svært godt resultat. Konfirmantane deltek på totalt 8 gudstenester. Der konfirmantane er aktivt deltakande på fleire. Vi viser til Konfirmasjon i Finnøy på Facebook og heimesida for konfirmantane for meir informasjon www.kyrkja.com og Youtube kanalen Hesby Media for video av aktivitetane. Konfirmantavgifta dette året var 400,- sidan det ikkje blei arrangert weekend.



Konfirmantar i Fogn kyrkje 2022.

Meir himmel på jorda

Diakoni

Det er felles diakoniutvalg for Hesby, Sjernarøy og Talgje sokn. Hovudmålet er å få ein fast ansatt diakon til Finnøy kommunedel. Utvalget har møter 3-4 gonger i året, og forutan arbeidet med å få fast tilsett diakon til Finnøy, arbeider utvalget også med ein overordna plan for diakoni og gjennomføring av enkelte diakonale tiltak. I tillegg har Utadretta medarbeidar ansvar for fleire diakonale tilbud, som besøksteneste til jubilantar i Hesby sokn, formiddagstreff på Sjernarøy, Ombo og Halsnøy og den årlege Julegåveaksjonen. Julegåveaksjonen er eit samarbeid med Finnøy Frivilligsentral, og i 2022 kom det inn rekordhøge kr 33 250,-, som blei omsatt til gåvekort frå Coop, og levert NAV Rennesøy og Finnøy som står for ei «anonym» utdeling blant sine brukarar.

I 2022 hadde Diakoniutvalget 3 møter, og det blei tidleg på året kjend at sokna i Finnøy var valgt ut som ein blant fleire sokn som evt kunne få fast tilsett diakon. Gleda var stor då det i juni blei stadfesta at det blei Finnøy som skulle få stillinga fra 01.01.2023, og at det i tillegg blei 100% finansiert av Stavanger kirkelige fellesråd. To av møta i diakoniutvalget blei derfor via utlysningstekst. Det siste møtet som var tenkt november/desember blei utsett til januar 2023 for å ha diakonen med på møtet.

Andre diakonale tiltak som ble arrangert på tampen av året var to julefester. Stavanger krk fellesråd fekk like før jul tildelt ekstra statlege midler for å kunne hjelpe dei som treng det ekstra i juletida. Sokna i Finnøy fekk kr 20 000,- av desse midlene. Saman med Frivilligsentralen og Bygdakokken arrangerte kyrkja ei julefeiring 22. desember på Innbyggertorget. Invitasjon til dette gjekk ut til alle som fekk gåvekort i samband med Julegåveaksjonen, samt at også andre blei invitert til god julemat, julepresangar, julemusikk og gang rundt juletreet.

Den andre julefesten var ei julefeiring for ukrainske flyktingar og arbeiderar som bur i Finnøy. Me fekk midlar til arrangementet frå statlege Ukrainamidler og samarbeide med Utsyn misjonssenter om eit julearrangement i samband med ortodoks julehelg.

Meir himmel på jorda

Misjon

Det som har vore utsendingar til misjonsarbeid frå våre sokn har i løpet av året komme heim for ein lengre periode. Det blir samla inn takkoffer til ulike misjonsorganisasjoner, og kvart sokn har sitt misjonsprosjekt.

Sjernarøy sokn:

Støtter Misjonsselskapet sitt arbeid på Madagaskar, til utdanning av lokale evangelistar.

Talgje sokn:

Har nytt misjonsprosjekt som er Misjonsalliansen sitt arbeid i Ecuador. Hovedsakleg er arbeidet knytta til havnebyen Guayaquil. Her bur det ca 500 000 mennesker. «Arbeidet vårt i lokalsamfunnene fokuserer på familierelasjoner, fritidsaktiviteter, og verdier, helsearbeid, inkluderende utdanning, forebedring av familieøkonomi, klima og miljø, rettighetsarbeid og menighetsarbeid» (henta får misjonsalliansen.no) Soknet har eit mål om å samle inn kr 50 000,- pr år. I år klarte me kr 55 876,- kor 13450,- av desse pengene er frå basarkveld i Fogn kyrkje. Det andre er innsamla i takkoffer og ein liten del er gåver utenom gudstenester.

Meir himmel på jorda

Hesby sokn: Kjellfrid Eggebø frå Finnøy, har arbeida for ILTC og vore fleire gonger i i Tanzania. Iraqw-folket og språket deira har ikkje hatt gode kår i Tanzania. Men takka vere den entusiastiske og sjøloppfrande innsatsen til Frøydis Nordbustad frå Tysnes, fekk dei i 2004 Bibelen på sitt eige språk. Dette er verkeleg eit stort løft for dette folket og identiteten deira. I 2005 vart ILCT stifta. Dei har leseopplæring for Iraqw-folket som hovedoppgåve. Kjellfrid har vore med på språkopplæring. Dei flinkaste elevane blir lærte opp så dei sjøl kan vere lærarar.

Dei som deltek i undervisninga kan verken lesa eller skriva frå før. Det gir store resultater. ILCT driv ikkje med bibelundervisning eller kyrkjelydsarbeid direkte, men dei samarbeider med dei kristne kyrkjene i den delen av landet der Iraqw-folket bur.



Leseopplæring for analfabeter.

For å vekke interesse for leseopplæringa, viser dei gjerne ein film ute på eit torg eller ein annan høveleg plass. Ein Jesusfilm er veldig populær. Då får dei kontakt med folk og oppmuntrar dei til å bruke sitt eige språk og lære å lese dette. Hesby sokneråd har valgt ILCT som sitt misjonsprosjekt for ein periode. I 2022 har kyrkjelyden samla inn kr 30 975,-

Meir himmel på jorda

Sokneråd 2019-2023

Hesby sokneråd

Faste medlemmer:

1. Lars Rørtveit
2. Olav Reilstad
3. Dorrit Vignes
4. Odd Birger Bleie
5. Heidi Kristin Urtegård
6. Kjetil Sevheim

Varamedlemmer:

1. Helene Steen (perm)
2. Anlaug Flesjå
3. Kjell Harald Lunde
4. Birte Lauvsnes Hetland
5. Åse Stang

Sjernarøy sokneråd

Faste medlemmer:

1. Kari Hidle
2. Eivind Norheim (flytta i 2022)
3. Terjer Hidle
4. Åse Marit L Sinnes
5. Ragnhild Frøyland
6. Hege Berglund (perm)

Varamedlemmer:

1. Sissel Haavik Vadla
2. Grete Hiim
3. Benny T Helgeland
4. Helga Vadla
5. Beate Ø Hauge

Talgje sokneråd

Faste medlemmer:

1. Leif Kolnes
2. Eilif Johan Gard
3. Ottar Sandanger
4. Sissel Sørestad Halsne
5. Inger Marie Egeland
6. Anne Elisabeth H Hindal
7. Arne Martin Aandstad
8. Jostein Østhushus

Varamedlemmer:

1. Oddbjørg Marie Maaland
2. Eva Bringeland
3. Else Jorunn Løland
4. Ingebjørg Bøe
5. Berit Helen Gard